



Villanger & Sønner AS  
KNARVIK  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/9471 - 20/29230

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
18.05.2020

Mellombels bruksløyve - tre einebustader i rekkje gbnr 445/438 s.1-3  
Manger

**Administrativt  
vedtak:**

**Saknr: 519/20**

**Tiltakshavar:**

Kristoffer Sivertsen, Elisabeth F. Jensen, Brandsdal Jarle og  
Sylwia

**Ansvarleg sækjar:**

Villanger & Sønner AS

**Søknadstype:**

Søknad om mellombels bruksløyve

**VEDTAK:**

**«Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tre einebustader i rekkje på gbnr gbnr 445/438 seksjonar 1-3 på følgjande vilkår:**

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: tre einebustader i rekkje**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.06.2021.»**

Ansvarleg sækjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 14/1922, datert 19.08.14. Det vart tidligare gjeve mellombels bruksløyve for tiltaket den 04.06.19. Vilkår sett i bruksløyve er ikkje stette og det er søkt om forlenging av bruksløyve.

Ansvarleg sækjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Ferdigstilling av felles VVS- anlegg på gbnr 445/7 for Selfallet bustadfelt.

VVS-anlegg vart godkjent i sak 18/41, ny sak 20/6751. Anlegget skal avsluttast med ferdigattest innan 01.06.2020.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: tre einebustader i rekkje.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.06.21.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.05.20.

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for tiltaket.

### Skildring:

<b>Adresse:</b>	<b>Selfallet 72 A – H0101 - seksjon 1</b>
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Einebustad i rekkje/300514843
Bruksareal:	118 m <sup>2</sup>
Avløp:	Privat tilknyting
Vatn:	Offentleg tilknyting
Tal på røykløp:	1
<b>Adresse:</b>	<b>Selfallet 72 B – H0101 - seksjon 2</b>
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Einebustad i rekkje/300514806
Bruksareal:	118 m <sup>2</sup>
Avløp:	Privat tilknyting
Vatn:	Offentleg tilknyting
Tal på røykløp:	1
<b>Adresse:</b>	<b>Selfallet 72 C – H0101 - seksjon 3</b>
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Einebustad i rekkje/300514846
Bruksareal:	118 m <sup>2</sup>
Avløp:	Privat tilknyting
Vatn:	Offentleg tilknyting
Tal på røykløp:	1

### Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

### Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/9471

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Jarle Brandsdal	Selfallet 72 B	5936	MANGER
Maren Elisabeth F Jensen			
Sylwia Agnieszka Brandsdal	Selfallet 72 B	5936	MANGER

### Mottakarar:

Villanger & Sønner AS	KNARVIK	5914	ISDALSTØ
-----------------------	---------	------	----------